



Jan Roar Storesund  
Jovikvegen 60  
4276 Veavågen

Kontakt saksbehandlar  
Susanne Eltervaag, 51568903

## Svar på søknad - Tiltak i sjø - Karmøy 3/254 - Veavågen - Jovikvegen Østhus - utfylling endring molo - Jan-Roar Storesund

Statsforvaltaren i Rogaland gjev Jan-Roar Storesund løyve etter forureiningslova § 11 jf. § 16 på visse vilkår til tiltak i sjø ved eigedom 3/254 i Karmøy kommune. Løyvet gjeld utfylling i sjø med ca. 2 500 m<sup>3</sup> massar, over eit sjøbotnsareal på 350 m<sup>2</sup>.

Vilkår er gjeve på sidene 9-10. Arbeidsperioden er avgrensa til oktober-mars av omsyn til naturmangfaldet.

Statsforvaltaren skal ha melding om oppstart og ferdigstilling av arbeida i sjø.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker.

Me varslar gebyr for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Rogaland viser til søknad av 04.07.2023 om tiltak i sjø på eigendom med gnr./bnr. 3/254 Veavågen i Karmøy kommune.

### Søknaden

Fimbul AS søker på vegne av Jan-Roar Storesund om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø. Tiltaket gjeld utfylling frå land, der føremålet er å endre utforminga av eksisterande molo.

I søknaden er det vedlagt

- utfylt søknadsskjema
- skisser av tiltaket (deriblant snitt av fasadar, situasjonskart, reguleringsplankart og anna)
- rapport, botnkartlegging<sup>1</sup>
- dispensasjon frå etter plan- og bygningsloven frå Karmøy kommune av 08.08.2023
- løyve til forlenging av pir frå Karmsund Havnevesen IKS av 15.04.2014

<sup>1</sup> «JR Storesund As- Bunnkartlegging molo Veavågen», Skarholm Dykking og Ingeniørtjenester AS, 21.02.2021, 15 sider



### Beskriving av arbeida

Det skal fyllast ut ca. 2 500 m<sup>3</sup> massar frå land på eit areal på ca. 350 m<sup>2</sup> i sjøen i Veavågen (**Figur 1**).

### Metode

Utfylling til molo skal ifølge søknaden skje med maskiner og utstyr frå land. Fyllinga skal plastrast med bruk av gravemaskin.

### Utfyllingsmassar

Søker skriv at det skal nyttast reine, lokale massar til utfyllinga, og at desse skal ha lagvis oppbygging med kjernemasse, filterlag og plastringslag, i samsvar med preakseptert løysning for molobygging.



Figur 1 - Skisse av endring av molo. Figur er henta frå søknaden.

Sjøbotnen ved moloen blei granska i 2021 med bruk av enkeltstråle ekkolodd for å undersøke topografien. På bakgrunn av resultatata blei den siste endringa av utforminga av moloen foreslått, og som vil redusere mengd nødvendige masser til utfyllinga. Endringa gjeld forlenging med ca. 10 m og av utforming, slik at han vert 8 m brei ved innsegling, og byggjer på naturgjeve, grunnare sjøbotn.

### Tidsrom for gjennomføring av tiltaket

Arbeidet planleggast utført i løpet av hausten 2023 og vinter 2024.

### Området

Veavågen er nær 5,5 km lang og har fleire tersklar. Ved Ytraland, nord for tiltaket er terskelen ca. 35 m djup og rett sør for tiltaksområdet er terskelen ca. 10 m djup.

Djupn ved utfyllingsfot vil vere omkring 9-10 m.

### Avbøtande tiltak

Søker er ikkje kjent med at tiltaket vil kome i konflikt med natur- eller fiskeriinteresser, kommunal sjøleing eller kulturminne i sjø, og har på denne bakgrunn heller ikkje foreslått avbøtande tiltak.

### Førehandsvarsling av søknaden

I samsvar med forureiningsforskrifta § 36-7 vart søknaden førehandsvarsla i perioden 04.09.2023-02.10.2023. Statsforvaltaren har motteke fire (4) uttaler frå Stavanger Maritime Museum, Fiskeridirektoratet, Karmøy kommune og Rogaland fylkeskommune. Uttaler og kommentarar til uttaler er oppsummert i det følgjande.

### Stavanger Maritime museum

Stavanger maritime museum kjenner ikkje til skipsfunn eller automatisk freda kulturminne som blir påverka av tiltaket. Dei vurderer at det ikkje er nødvendig å gjennomføre ei arkeologisk registrering.

Kulturminnemyndigheita har ikkje har merknad til søknaden, men gjer merksam på stanse- og meldeplikta gjeld.



### *Karmøy kommune*

Naturforvaltar i Karmøy kommune har ingen merknader til tiltaket utover kva Statsforvaltaren allereie har kommentert i førehandsvarselet.

Naturforvaltar skriv vidare at det ikkje er registrert naturverdiar rundt sjøve moloen som vert ramma direkte av tiltaket. Av naturtypar i sjø er det skjelsandførekomst og modellert ålegras i nærheita. Så lenge man unngår stor partikkelspreiing under arbeidet, vil truleg ikkje moglege ålegrasførekomst (modellert) i Sævikvika bli nemneverdig negativt påverka. Man må regne med at området inngår i funksjonsområde for diverse sjøfuglar, mellom anna raudlista sjøfuglar. Dette gjeld derimot heile strandsona i Karmøy, og det er ikkje noko som tyder på at sjøve molo-området har ei spesiell funksjon for sjøfuglane.

### *Fiskeridirektoratet*

Fiskeridirektoratet skriv at et er registrert låssetjingsplass for makrell, sild, sei og brisling samt svært viktige skjelsandførekomst, på motsett side av vågen, ca. 150-200 m unna. Det kan òg vere ålegrasførekomst i det nære farvatnet, ettersom det er registrert ålegras ikkje langt unna, i Kvarvik. Dei viser til informasjon om eventuell nærmare informasjon i Fiskeridirektoratets [kartverktøy](#). Det kan elles vere eit generelt yrkes- og fritidsfiske i området.

Videre skriv Fiskeridirektoratet at generelt vil utfylling av massar i sjø påverke marinbiologiske forhold og at arealbeslaget vil truleg føre til tap av marin natur. Andre moglege konsekvensar kan vere endra straumforhold, habitat, biotop og artsmangfald ved blakking, formørking, nedslamming, finpartikler, eutrofiering mv. Dei viser òg til at vegetasjon under vatnet, egg, larver og tidlege stadium av fisk og skaldyr, fisk og skaldyr som gyter, beiter og lever i grunne sjøområde, samt fisk i steng, vil være følsame for støy, trykkbølger, partikkelspreiing, utslepp, oppvirvla massar, forureining m.v., og det er viktig å tilby dei best mogleg miljøforhold og livsvilkår.

Fiskeridirektoratet skriv at utfylling i sjø og i strandsona generelt er lite ønskeleg. Områder med grunt vatn er ofte svært produktive og har stor betydning sett i en større økologisk samanheng. Ei berekraftig forvaltning av kystområda tilseier at man bevarer soner med verdifull eller høg biologisk produksjon. Dei ser det som svært negativt om viktige naturverdiar øydeleggast eller om miljøgifter vert spreidd eller sleppes ut i naturmiljøet, kor dei kan akkumulere i næringskjeda og på sikt vil kunne representere ei potensiell fare. Spesielt har miljøfarlege stoffar negative konsekvensar for gyte- og oppvekstområde, for marine organismar og for fiskeriene i utsleppanes influensområder. Viktige stikkord nemnt er mattrygghet og helse.

På generelt grunnlag vil Fiskeridirektoratet anbefale at dei gangane det vurderast løyve til utfylling i sjø, må tiltaka gjennomførast på ei så skånsam måte som mogleg, og med strenge krav til gjennomføring av arbeida, slik at omkringliggende miljø vert påverka i så liten negativ grad som mogleg. Utfyllingsmassar må vere reine, og eventuell spreieing av plastfiber, miljøgifter, framande arter o.a. forureining må forhindrast. Særleg omfattande og inngripande arbeider bør ideelt sett skje i haust-/vinterhalvåret når livet i sjøen er mogleg i ro, og sjansen for å gjere skade på naturmiljøet er minst.

Fiskeridirektoratet oppmodar Statsforvaltaren å stille vilkår om tilstrekkeleg avbøtande tiltak mot oppvirvling og spreieing av partiklar, nedslamming, forureining mv. dersom det vert gitt løyve. Dei forutsett vidare at tiltakshavar tar kontakt med lokale fiskarar/fiskarlag/Sør-Norges fiskarlag om gjennomføring av notfiske og bruk av låssetjingsplass før gjennomføring av arbeider.



## Rogaland fylkeskommune

Fylkeskommunen har ingen kommentarar eller merknader relatert til forureining og naturmangfald.

### Uttale frå søkjar

Etter forvaltningslova § 16 har partane i ei sak rett til å uttale seg før vedtak fattast. Søker har fått moglegheit til å kommentere uttalane. Me har ikkje motteke kommentarar innan svarfristen.

### Statsforvaltaren sine kommentarar til innkomne høyringsuttalar

Statsforvaltaren har ingen særskilde kommentarar til innkomne uttaler, og viser til våre vurderingar og fastsette vilkår i løyvet.

## Planforhold

Forureiningsspørsmål skal om mogeleg søkast løyst for større områder under eitt og på grunnlag av oversiktsplanar og reguleringsplanar, jf. forureiningslova § 11 fjerde ledd. Tiltaket inngår i detaljregulering for *Jovikvegen – gnr. 3/238, 254, 187* (PlanID 2087). Karmøy kommune har i brev av 08.08.2023 gitt dispensasjon i medhald av plan- og bygningsloven § 19-2 frå same lovs § 12-4, rettsverknad frå reguleringsplan deriblant formål om *grøntstruktur og havneområder i sjø* jf. § 12 og frå § 11. Statsforvaltaren reknar derfor tiltaket som avklart med plan.

## Kulturminne i sjø

Tiltak i sjø vert ofte utført i område med potensiale for funn av kulturminne, og det er fare ved utføring av tiltaket at kulturminne vert dekt til eller øydelagde. Det er, ifølgje søknad, ikkje registrert kulturminne i tiltaksområdet. Kulturminnemyndigheit hadde heller ingen merknader til søknaden.

Stanse og meldeplikta gjeld i dei tilfelle kvar det vert oppdaga kulturhistorisk materiale som kan være vernet eller freda jf. lov om kulturminne §§ 8 og 14. Tiltakshavar plikter å underrette dei som skal utføre arbeida om dette, men står òg sjølv ansvarleg for at det blir overhaldt.

## Kunnskapsgrunnlag

Ei sak skal vere så godt opplyst som mogeleg før vedtak treffest, jf. forvaltningslova § 17, naturmangfaldlova § 8 og forureiningsforskrifta § 36-2.

## Vassforskrifta

Tiltaket i Veavågen inngår i vassførekomsten *Veavågen-indre*<sup>2</sup> som er klassifisert som *beskytta kyst/fjord* i Vann-nett. Den økologiske tilstanden er *god* og kjemisk tilstand er *dårleg*, basert på målingar av kvikksølv i taskekrabbe og av TBT i blåskjel. Vassførekomsten er påverka i *middels grad* av diffus avrenning frå industrier, i *liten grad* av diffus avrenning av avlaup frå spreidd busetnad og i *ukjent grad* av diffus avrenning frå hamneaktivitet og frå forureina sjøbotn.

## Naturmangfald

Store deler av Karmøy er innanfor leveområde til hubro, hønsenhauk og havørn. Vidare er nær trua (NT) stær, gråsporv og taksvaler, sårbar (VU) gråmåke og sterkt trua (EN) makrellterne i Sævikvika, ca. 140 m vest for tiltaksområdet. Taksvalene blei observert byggande på reir i 2014 og 2018, medan makrellterna, gråsporv og stær var næringsssøkande. I indre del av Veavågen, er det observert fleire fuglearter, mellom anna makrellterne (EN) og lomvi (CR). Naturforvaltar i kommunen skriv i sin uttale

---

<sup>2</sup> Vann-nett: Veavågen-indre (0242040901-C). <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0242040901-C>






at store deler av strandsona på Karmøy har ei funksjon for sjøfugl, men at ikkje noko tilseier at tiltaksområdet er spesielt viktig. Støy som følge av arbeida vil midlertidig kunne påverke artane i området, spesielt i hekkeperioden mellom april og september.

Ifølge Temakart Rogaland er det modellert ålegras i Sævikvika (**Figur 2**). Førekosten er ikkje bekrefta i felt, men området kan truleg ha ein funksjon som matfat for fugl. I ytre del av Veavågen, ca. 175 m nordaust for tiltaksområdet, er det registrert ei svært viktig og større førekomst av marin naturtype skjelsand (Svartholmen-Veavågen).

## Forureining


### Forureina sedimenter

Utfylling i sjø kan medføre ei fare for oppvirling av forureining og finstoff frå utfyllingsmassane. Søker skriv at dei ikkje er kjende med at tiltaksområdet er forureina.



Figur 2 - Marin natur ved tiltaksområdet. Kartgrunnlag er Temakart Rogaland

I 2020 blei det gjennomført ei resipientgransking i Veavågen på oppdrag frå Norscrap<sup>3</sup>. Hydrografi og sedimenter blei granska ved fire stasjoner i Veavågen. På ein stasjon (R2), ca. 300 m nord for tiltaksområdet, blei det målt høge verdiar av to PAH-forbindelsar, antracenen (moderat) og benzo[ghi]perylene (dårleg), samt TBT (moderat). På R2 var siktedjup tilsvarande *god* tilstand og oksygeninnhaldet i botnvatnet tilsvarande *svært god tilstand*. Innerst i fjorden var det størst innhald av miljøgifter med høge verdiar av kobbar, arsen, kvikksølv og sink. Miljøgifter slik som TBT, kobbar og sink er ofte forbundet med forureining frå hamneaktivitet, da dette ble brukt i botnstoff til båtar. PAH-forbindelsar blir danna av ufullstendig forbrenning av organisk materiale og kan stamme frå industri, fyring og vegtrafikk.



Figur 3 - Stasjonsplassering og innhald av tungmetall og organiske miljøgifter i sedimenta. Figur er henta frå rapport 2020<sup>3</sup>.

### Avrenning frå sprengstein

Ifølge søker skal det nyttast reine, lokale massar til utfyllinga. Tiltaket vil likevel kunne medføre avrenning av finstoff og oppløyst nitrogen frå rester av sprengstoff dersom det nyttast sprengsteinmassar. Slike massar kan òg innehalde ein del plastikk, frå til dømes skyteledningar, plastavfall m.m.

## Rettsleg grunnlag

Statsforvaltaren vil ut frå dei opplysningar som er gjevne behandle søknaden etter forureiningslova § 7, jf. § 8. Det vil sei at tiltakshavar har ei plikt til å unngå forureining med mindre denne kan reknast som «vanlig», og dermed ikkje vil forårsake nemneverdig skade eller ulempe. Vurderer me at

<sup>3</sup> Økland, I. E., «Resipientundersøkelse Veavågen, august 2020. Overvåking av resipienten ved Norscrap Karmøy», Rådgivende Biologer AS, 25.11.2020, rapportnr. 3234.



forureininga kan føre til nemneverdige skader/ulempar, vil me vurdere løyve etter forureiningslova §§ 11 og 16.

#### *Myndigheit for behandling etter forureiningslova*

Statsforvaltaren er gjennom forureiningsforskrifta kapittel 22 og rundskriv T-3/12 delegert myndigheit ved utfylling i sjø og vassdrag, når tiltaket skjer frå skip og land<sup>4</sup>.

#### *Bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT)*

Våre vurderingar og krav er basert på prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT), jf. forureiningslova § 2 nr. 3 og naturmangfaldlova § 12 om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder.

#### *Naturmangfaldlova*

Ifølge naturmangfaldlova skal avgjerder grunngjevast ut ifrå omsynet til naturmangfaldet der dette er relevant. Avgjerder skal vere basert på vitskapeleg kunnskap, men dersom dette ikkje finst, skal avgjerder vere basert på «føre-var-prinsippet». Naturmangfaldet gjeld arters bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, og effekt av påverknad. Kravet til kunnskap skal stå i eit rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

#### *Vassforskrifta*

Vassforskriftas § 4 om miljømål set krav om at tilstanden i vatnet skal beskyttast mot svekking, forbetrast og gjenopprettes med sikte på at vassførekomsten skal ha minst god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand, jf. forskriftas klassifisering. Dersom tiltaket fører til at vassførekomsten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føre til ei forverring. Miljømåla skal nås, og forverring er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta § 12.

### **Statsforvaltaren si vurdering**

Statsforvalteren har i saka vurdert forureiningsspørsmål knytt til gjennomføring av tiltaket.

#### **Vassforskrifta**

Vassførekomsten *Veavågen-indre* er registrert med *god* økologisk tilstand og *dårleg* kjemisk tilstand. Den dårlege tilstanden skuldast målingar av kvikksølv og TBT. Det er ei viss mistanke om at sjøbotnen i området kan vere forureina med mellom anna PAH og TBT på bakgrunn av målingar lenger ute i Veavågen, men tiltaksområdet er ikkje undersøkt i samheng med søknaden.

I Statsforvaltaren si vurdering av om nytt tiltak kan skje utan at dette medfører risiko for forverring av tilstanden i vassførekomsten, jf. vassforskrifta §§ 4 og 12, har me lagt til grunn kunnskap om at Veavågen består av fleire basseng med grunne tersklar mellom. Videre vurderer me at tiltaket vil vere avgrensa i omfang og varigheit. Statsforvaltaren er ikkje kjent med straumforholda i Veavågen. Det er derimot fleire tersklar i fjorden, som truleg vil forhindre utsleppa frå å spreiaast til dei indre delane av fjorden, som er meir forureina. Me legg difor til grunn at vassforskrifta ikkje er til hinder for gjennomføring av tiltaket.

---

<sup>4</sup> Rundskriv T-3/12 om myndighet etter forurensningsloven



## Naturmangfald

Statsforvaltaren har vurdert om naturverdiar og sårbare arter blir negativt påverka av tiltaket jf. naturmangfaldlova. Naturmangfaldlova seier at desse skal beskyttast, ikkje berre for deira eigenverdi, men også for den økologiske funksjonen desse har.

Av føre-var-omsyn til naturmangfaldet set me vilkår til gjennomføring av arbeida jf. § 9. Me vurderer at konsekvensen for naturmangfaldet på bakgrunn av tiltakets omfang og varigheit og gjennomføring i tråd med vilkår i løyvet vil vere avgrensa og midlertidig.

### *Fugl*

Det er registrert fleire raudlista fugleartar i området. Me viser her til vår vurdering av støy og plastforureining frå arbeida lenger nede i brevet.

### *Marin natur*

Det er registrert ei stor førekomst av skjelsand med *svært viktig* verdi ca. 175 m nord for tiltaksområdet. Førekomsten kan bli påverka av tiltaket ved spreining av finstoff som kan dekke sjøbotnen. Det er ikkje registrert andre naturverdiar nær tiltaksområdet, men modellert ålegras nær tiltaksområdet. Me vurderer at det vil vere liten risiko for at tiltaket vil slamme ned vegetasjon i sjø, men at arbeida av føre-var-omsyn skal gjennomførast på haust- og vinterstid når livet i havet er mest mogleg i ro. Me viser òg til vår vurdering av avbøtande tiltak for å forhindre partikkelspreiing.

### *Fisk*

Det er ikkje registrert gytefelt for torsk eller gyteområde i Veavågen. Tiltaksområdet har heller ikkje nærleik til anadrome vassdrag. På denne bakgrunn ser me ikkje at vill fisk vert påverka negativt av tiltaket. Me viser òg til vår vurdering av effekt av finstoff på filtrerande organismar.

## Aktuelle forureinings parameter

Arbeid med etablering av ny molo kan føre til spreining av finstoff og forureina sediment. Det kan òg auke partikkelkonsentrasjonar i aktuell vassførekomst. Vidare kan støy og ristingar virke forstyrrande på nærliggande naturverdiar og fisk. Eventuell plast og anna forureining tilknytt arbeida vil òg kunne spreiest til miljøet.

### *Spreiing av finstoff og forureina sediment*

Utfylling i sjø kan føre til oppvirvling og spreining av forureina sediment og finstoff. Dette kan ha ei negativ påverking på det marine miljøet. Finstoff frå sprengstein er spesielt skadeleg for fisk og filtrerande organismar, da disse partiklane er skarpe og lett kan feste seg til og gjer skade på gjeller. I tillegg er det potensiale for at finstoff slamar til nærliggande natur.

I Veavågen er det registrert moderat til høge verdiar av PAH forbindingar og TBT<sup>3</sup>, og sjøbotnen under tiltaksområdet er truleg òg noko forureina, men er ikkje undersøkt. TBT-forbindelsar har mellom anna hormonliknande eigenskapar, og vil dermed kunne påverke organismars reproduksjonsevne. Desse forbindelsane har bioakkumulerande eigenskapar, og vil difor kunne hope seg opp, og dermed gje alvorlege negative konsekvensar for utsette organismar. Det vil være fare for at utfyllinga virvlar opp botnsediment slik at forureining spreiest og suspenderast i vassøyla.

### Bruk av partikkelbarriere

Partikkelspreiing kan avgrensast av ei partikkelbarriere, til dømes silt- eller boblegardin. Søker har ikkje foreslått avbøtande tiltak i søknaden. Statsforvaltaren har i vurdering om det skal setjast vilkår om partikkelreducerande tiltak lagt til grunn at søker har kartlagt sjøbotnen for å kunne redusere



storleiken av fyllinga. Arbeida skal i følgje søknaden gjennomførast på haust og vinters, når livet i havet er relativt roleg.

På bakgrunn av omfang og konsekvens av tiltaket, sett opp mot kostnader og kva ein oppnår med å sette opp ei partikkelbarriere har me konkludert med at eit slikt avbøtande tiltak i dette tilfellet ikkje er nødvendig. Statsforvaltaren set i staden som vilkår at tiltaket berre skal gjennomførast mellom oktober og mars. Vurderinga er gjort av omsyn til naturmangfaldet jf. føre-var-prinsippet i § 9 og for å forhindre forverring av vassførekomsten jf. vassforskrifta.

Me gjer òg merksam på at det ved uventa omfang av spreieing av finstoff frå arbeida skal vurderast tiltak for å hindre negative konsekvensar på miljøet. Arbeida må da stoppa opp fram til slike tiltak er iverksett.

#### *Syredannande bergartar*

Ifølge søker skal det nyttast lokal stein som utfyllingsmasse. Me gjer merksam på at nokre bergartar, som grønstein, grønskifer og svartskifer, kan vere syredannande, og har eit naturleg høgt innhald av tungmetall som koppar, sink og nikkell. Dersom slike finst i utfyllingsmassane, må dei handsamast særskilt for å hindre utlekking av tungmetall og syredanning. For å kontrollere om massar som inneheld desse bergartane nyttas, sett Statsforvaltaren som vilkår at det skal etablerast mottakskontroll av utfyllingsmassar. Tiltakshavar kan ta kontakt med Statsforvaltaren for rettleiing om denne kontrollen og om handtering av syredannande bergartar.

#### *Plast*

Utfylling med mellom anna sprengstein kan føre til spreieing av plast. Dette kjem av at det blir nytta materialar som inneheld plast i sprengingsarbeidet, slik som plastleidning med sprengstoff og sprengtråd, som då kan fylgje med massane i utfyllinga.

Det er knytt bekymring til effektane plastforureining har på miljøet. I naturen vert plast brote ned til mindre fragment av faktorar som UV-stråling, vær og vind. Små plast partiklar (mikro- og nanoplast) kan lett takast opp av organismar og finn på denne måten vegen inn i næringskjeda. Effektar dette har på organismars helse er ikkje fullstendig kartlagt. Sjøfugl kan i nokon tilfelle ta feil under næringssøk og forveksle plastbitar med mat, noko som vil medføre ei fare for fuglen.

Det er ikkje kjend om massane som skal nyttast til utfyllinga vil vere frie for plast. Me set difor vilkår om at det etablerast rutinar for oppsamling av plast frå arbeida. Det skal mellom anna gjerast ei dagleg visuell kontroll av spreieing av plast i arbeidsperioden. Eventuell plast frå massane skal samlast opp, så det ikkje vert spreidd i sjøen. Dette skal loggførast.

#### *Utslepp av nitrogenforbindingar*

Tilførsle av nitrogenforbindingar kan føre til kjemiske endringar i sjøen, og kan bidra til algeoppblomstring (eutrofiering). På bakgrunn av tiltakets omfang vurderer me at det ikkje er sannsynleg at avrenning vil medføre eutrofe forhold i sjøen.

#### *Utslepp av olje*

Oljeforureining/-søl frå anleggsmaskiner kan skje i forbindelse med arbeidet. Tiltakshavar må sørge for at utførande entreprenør har ein beredskapsplan for å handtere eventuelle uhellsutslepp.





### *Støy og ristingar*

Støy og ristingar i samband med utfyllinga vil vere forstyrrende for marint liv og for fuglar og andre arter som oppheld seg i området. Tiltaksområdet ligg ikkje innanføre gytefelt for torsk, slik at omsyn i samband med arbeid i gyte/klekke perioden (februar-mai) ikkje vert særleg aktuelt i dette tilfellet. Ein generell anbefaling med omsyn til marint liv er likevel at ein bør unngå særleg støyande arbeid i den grad det er mogleg, og at arbeid bør leggjast til vinterhalvåret når livet i havet for det meste er i ro. Når det gjeld fugl, vil desse antakeleg trekke lenger vekk frå området så lenge arbeidet held fram. Det er difor viktig at arbeidet gjerast så effektivt og skånsamt som mogeleg for å avgrense belastninga dette har på naturmiljøet.

### **Samla miljøpåverknad**

Utfylling i samband med tiltaket kan gjere at partiklar og forureina botnsediment vert spreidd til naturverdiar i området. Tiltaket er tidsavgrensa og avgrensa i omfang. Risiko for svekking av naturmangfaldet i vassførekomsten er til stadet så lenge arbeidet går føre seg. Innføring av ei avgrensing av arbeidsperioden til når livet i havet er mest mogleg i ro (haust og vinter) vil bidra til å avgrense og redusere påverknaden av spreiding av forureining og partiklar.

### **Metode**

Tiltakshavar må dekkja kostnader ved å avgrensa eventuell skade på naturmiljøet som følgje av tiltaket, jf. naturmangfaldslova § 11. Statsforvaltaren har gjort ei vurdering for mogelegheit for avbøtande tiltak som skal hindra negative konsekvensar på naturmiljøet som følgje av arbeidet, jf. naturmangfaldslova § 12 (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar).

Tiltakshavar har ei generell plikt til å unngå forureining, jf. forureiningslova § 7, og må difor kontinuerleg føre tilsyn med at det ikkje førekjem uventa og/eller unormal forureining som følgje av arbeidet.

### **Konklusjon**

Me vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å treffe vedtak i saken, jf. naturmangfaldlova § 8. Føremålet med vilkåra i dette løyvet er å avgrense tiltaket si påverking utover tiltaksområdet.

Vurdering av tiltaket etter vassforskrifta og naturmangfaldlova tilseier at området kan bli påverka av tiltaket. Tiltaket er likevel avgrensa i omfang og varigheit. Statsforvaltaren finn difor at det kan gjevast løyve til arbeida i sjø i samband med etablering av ny molo i Veavågen på visse vilkår.

Løyvet er gjeve på bakgrunn av opplysningar oppgitt i søknaden og opplysningar framkomme under behandlinga av søknaden.

### **Vedtak**

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 gir Statsforvaltaren i Rogaland Jan-Roar Storesund løyve på visse vilkår til arbeid i sjø ved eigeidom med gnr./bnr. 3/254 i Karmøy kommune. Løyvet omfattar utfylling i sjø med ca. 2 500 m<sup>3</sup> massar, over eit sjøbotnsareal på 350 m<sup>2</sup>. Det vert stilt vilkår for å avgrensa eventuell forureining, og for å motverka skadar på det marine miljøet.

### **Vilkår**

Med heimel i forureiningslova § 16 vert det stilt følgjande vilkår for løyvet. Vilkåra er nummererte for å letta den planlagde rapporteringa, særleg med tanke på avvik.



### Generelle vilkår

1. Tiltakshavar er ansvarleg for at løyve vert overhalda, og pliktar å orientere dei som skal gjennomføre arbeida i sjø om dei vilkår som gjeld, samt dei restriksjonar som er lagt på arbeida.
2. Tiltakshavar skal gi beskjed til Statsforvaltaren når arbeida i sjø startar.
3. Før anleggsarbeida startar, må tiltakshavar sørge for at entreprenør har etablert ein beredskapsplan som skal gjennomførast straks dersom det viser seg at arbeidet bidreg til partikkelspreiing. Denne skal sendast til Statsforvaltaren saman med oppstartsmelding.
4. Statsforvaltaren skal ha uhindra åtgang til anleggsarbeida, dokumenter mm., for å kunne føre tilsyn med aktivitetane.
5. Ved avvik frå vilkår i denne løyva eller andre uventa hendingar som gjeld ytre miljø er tiltakshavar ansvarleg for at Statsforvaltaren straks vert varsla. Avvik skal loggførast.
6. Støy frå arbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i Klima- og miljødepartementets *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2016).
7. Arbeida i sjø skal gjerast på ein måte som minimerer risiko for skade eller ulempe for det marine miljø. Av omsyn til naturmangfaldet kan arbeid berre gjennomførast i oktober-mars.
8. Alle masser som vert nytta til utfylling i sjø skal vere reine. Utfyllingsmassane skal så langt som det er mogeleg være fri for plast og annet avfall under utfylling. Det skal gjerast tiltak for å hindre spreieing av annet plastavfall til sjø. Dersom det vert oppdaga spreieing av plastavfall til sjø må arbeidet stogkast, og tiltak iverksett straks. Eventuelt flytande plastavfall skal samlast opp og mengde loggførast.
9. Utfyllingsmassen skal leggjast så skånsamt som mogeleg slik at minst mogeleg finpartikulært materiale vert virvla opp og vert spreidd ut i vassmassane.
10. Utfyllingsarbeida skal utførast på ein måte som sikrar stabilitet i utfyllinga under og etter avslutta arbeid.
11. Når arbeidet er ferdig skal tiltakshavar utarbeide ein kort rapport der alle resultatane frå arbeida vert presentert, og der ein dokumentar at vilkåra i dette løyve er oppfylt. Eventuelle avvik skal grunngjevast og dokumenterast. Rapporten skal sendast til Statsforvaltaren innan 8 veker etter avslutta arbeid.
12. Løyvet gjeld i 2 år frå klagefristens utløp.

Me vil understreke at all forureining i samband med arbeida ved molo i Veavågen i Karmøy kommune isolert sett er uønskt.

Brot på vilkår i ei løyve medfører straffeansvar etter forureiningslova, jf. § 78. Me gjer merksam på at dette løyve ikkje frittek for erstatningskrav for eventuelle skadar eller ulemper som følger av verksemda, jf. § 53. For å sikre at føresegn i forureiningslova eller løyvet vert overhalde, kan forureiningsmyndigheten fastsette tvangsmulkt til staten, jf. forureiningslova § 73. Me gjer merksam på at løyvet ikkje frittek frå plikter etter anna lovgiving

### Etterhandskunngjering

Løyvet og søknads dokumenter vert lagt ut på internettsidene til Statsforvaltaren i Rogaland [www.statsforvalteren.no/rogaland](http://www.statsforvalteren.no/rogaland) under «Miljø og klima».



## Varsel om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren si handsaming av søknader om løyve etter forureiningslova er omfatta av ei gebyrordning, jf. kapittel 39 i forureiningsforskrifta. Statsforvaltaren si behandling av denne saka har medført ein ressursbruk tilsvarande **gebyrsats 7** jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Gebyr for arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyver. Tiltakshavar skal difor betale eit gebyr på **kr. 18 700,-** for Statsforvaltaren si behandling av søknaden.

Eventuelle merknader til varselet sendes Statsforvaltaren innan 14 dagar frå mottak av dette brevet.

## Klagehøve

Løyvet kan klages på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå melding om vedtaket er mottatt. Ei eventuell, grunna klage stiles til Miljødirektoratet, og sendes Statsforvaltaren i Rogaland.

Med helsing

Kirsten Redmond Kristiansen (e.f.)  
fagleder forurensing

Susanne Eltervaag  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

FIMBUL AS	Fjellvegen 13B	5694	ONARHEIM
Sør-Norges Fiskarlag	Postboks 936	6001	ÅLESUND
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	Ålesund
Fiskeridirektoratet, region sør	Postboks 185 sentrum	5804	Bergen
Museum Stavanger	Muségata 16	4010	STAVANGER
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger